15940	Sogn for alle	11300	Telefon og datakommunikasjon	5 000	5 000
15940	Sogn for alle	11500	Kurs og konferanser (ikkje opp.plikt)	255 000	26 000
15940	Sogn for alle	11600	Køyre godtgjerse oppg.pl.	0	0
15940	Sogn for alle	11705	Reiseutgifter, parkering og bompengar	28 000	28 000
15940	Sogn for alle	12100	Kjøp, leige og leasing av transportmidl	0	0
15940	Sogn for alle	11209	Vertskommunesamarbeid sitt kjøp av	85 000	88 000
15940	Sogn for alle	14290	Utgiftsføring momskomp drift	0	0
15940	Sogn for alle	17290	Inntektsføring momskomp drift	0	0
15940	Sogn for alle	17500	Overføring frå andre kommunar	-300 000	-300 000
15940	Sogn for alle	18109	Andre statstilskot	-200 000	0
15940	Sogn for alle	18300	Overføring frå fylkeskommunen	-500 000	-500 000
15940	Sogn for alle	19500	Bruk av bundne driftsfond	-225 000	-225 000
				0	0
15941	Mentorprogram	11500	Kurs og konferanse	220000	220000
15941	Mentorprogram	18300	Overføring frå fylkeskommunen	-220000	-220000
				0	0
15942	Etablerarkurs og bedr	11500	Kurs og konferanse	100000	
15942	Etablerarkurs og bedr	14500	Overføring til andre kommunar	240000	
15942	Etablerarkurs og bedr	17500	Overføring frå andre kommunar	-240000	
15942	Etablerarkurs og bedr	18300	Overføring frå fylkeskommunen	-100000	
				0	0
15943	SognaLoop	11500	Kurs og konferanse	10000	30 000
15943	SognaLoop	14500	Overføring til andre kommunar	350000	1 050 000
15943	SognaLoop	14700	Overføring til andre	630000	1 920 000
15943	SognaLoop	12700	Konsulenttenester	210000	600 000
15943	SognaLoop	18109	Andre statstilskot	-1200000	-3 600 000
				0	0

Vedlegg

Kontingent for 2022

Kommune	Folketal 01.01.21	Fast del	Variabel del	Kontingent 2022	Kontingent 2021
Aurland	1777	221 750	155 879	377 629	332 926
Høyanger	4049	221 750	355 179	576 929	508 634
Luster	5189	221 750	455 180	676 930	596 798
Lærdal	2129	221 750	186 756	408 506	360 149
Sogndal	11938	221 750	1 047 204	1 268 954	1 118 740
Vik	2611	221 750	229 038	450 788	397 425
Årdal	5170	221 750	453 514	675 264	595 328
Totalt	32863	1 552 250	2 882 750	4 435 000	3 910 000

Drift av GIS-løysing

Kommune	Folketal 01.01.21	Fast del	Variabel del	Sum 2022 utan mva	Sum 2021
Aurland	1777	36 517	25 094	61 611	59 839
Luster	5189	36 517	73 277	109 794	106 637
Lærdal	2129	36 517	30 065	66 582	64 667
Sogndal	11938	36 517	168 584	205 100	199 203
Vik	2611	36 517	36 872	73 388	71 278
Årdal	5170	36 517	73 009	109 525	106 376
Totalt	28814	219 100	406 900	626 000	608 000

Sogn regionråd

Saksh.: **Karina Nerland**
Arkivsak: **21/1091**

Arkiv: **062**

Saknr.: Utval
15/21 Sogn regionråd

Møtedato
21.09.2021

Sak 15/21

Orienteringssaker Sogn regionråd**Orienteringar og drøftingar**

1. Leiar
2. Samferdslegruppa
3. Innspel frå medlemane
4. Rådmannsgruppa
5. Administrasjonen
6. Prosjektplanar for forprosjekt - reiseliv, grøn næringsutvikling og offentlege arbeidsplassar

Skriv og meldingar

1. Næringsnettverket i Sogn møtereferat, 24. august 2021
2. Kompetanseforum Vestland – kompetanseutvikling i arbeidslivet - invitasjon til å gje innspel til handlingsprogram «Berekraftig verdiskaping», 26.8.2021
3. Innspel til regional transportplan 2022-2033, 10.9.2021
4. DIKU-søknad – arbeidsrelevant utdanning – invitasjon frå Sogndal kommune til samarbeid mellom HVL, kommunar og næringsliv i Sogn, 10.9.2021

Næringsnettverket i Sogn

Møtereferat

Møtenummer: 5/21

Møtedato og -stad: 24.8.2021, Teams

Deltakarar: Terje Laberg og Trine Grøtnebø (Årdal), Olav Grov (Luster), Torgeir Skålid og Joakim Systaddal (Sogndal) og Karina Nerland (Sogn regionråd). Forfall: Birgitta Hagen Kyrkjebø og Ingrid Heggø (Høyanger), Ingeborg Lysne (Lærdal) og Linn-Janette Skarsbø Underdal (Aurland),

Sak 2: Ståle Brandshaug, Visit Sognefjord

Sak 4: Ingvill Flo, Pwc

Sak 8: Torkjell Solbraa, Sogndal kommune

1. Velkomen
2. Reiselivet
 - a. Korleis har sesongen vore – marginalt i høve 2019, men likevel positiv auke i høve til 2020 samla i regionen.
 - b. Masterplan – innleiing til arbeidsverkstaden i Flåm 20./21.9. (vedlegg var sendt ut til møtet). Ønskjer at næringsansvarlege førebur seg til samlinga i 20.-21. september, jf e-post same dag. Det vert lagt opp til å vedta masterplanen i november og deretter utsending for tilsluttingsvedtak desember/januar. Masterplanen legg lista høgt for måloppnåing. Samarbeid, ressursar og felles forståing er avgjerande for å nå måla.
3. Fellesprosjekt i nettverket - utkast til prosjektplanar (vedlegg): 1) Reiseliv, 2) Offentlege arbeidsplassar og 3) Grøn næringsutvikling. Formålet med forprosjekta er å avklare korleis samarbeide regionalt om dei tre satsingsområda, og gje eit avgjerdsgrunnlag for det vidare arbeidet. Utkasta inngår som innspel til drøftingane om korleis følgje opp regionalplanen.
4. Oppfølging av regionalplanen for Sogn – runde med innspel og aktuelle problemstillingar til prosessleiar før fellesmøtet i Flåm 20.-21.9.
5. Prosjekt felles profil og merkevare– kommunane blir kontakta om innspelsrunde og møte.
6. Prosjekt teknologi og digitalisering– oppstart av forprosjektet om kort tid.
7. Grøn Region Vestland – prosjekt og utviklingsmoglegheiter. Vedlegget som vart sendt ut før møtet viser prosjekt som er med så langt. Framleis mogleg å kome med innspel til aktuelle prosjekt til EY. Neste møte i referansegruppa er midten av september.
8. Runde rundt bordet – aktuelt frå kommunane og regionrådet
 - Sogndal – informasjon om BARK som er felles arbeid om det regionale perspektivet på arealbruk knytt til bustad, arbeid, klima og transport (del av arealplanarbeidet i Sogndal kommune som kan ha nytte for resten av kommunane i Sogn). Søkt klimasats-midlar. Aktuelt å få med andre kommunar og tema i planleggjarnettverket og rådmannsgruppa.
 - Felles arbeid om DIKU-prosjekt saman med HVL – aktuelt med bachelor og mastergrad
 - Sogn for alle
 - etablererkurs for innvandrara i september-desember med oppfølging av næringsapparatet undervegs og etter endt kurs
 - mentorprogram – samlingsbasert opplæring av tilsette som er mentorar
 - Sognaloop – nærings samarbeid for bedrifter med arbeidskraftbehov m.a. matfag og reiseliv
9. Innspel til saker til neste møte

Karina Nerland

Fra: Kristin Iversen <Kristin.Iversen@vlfk.no>
Sendt: torsdag 26. august 2021 10:43
Til: Baste Tveito; Stine Monica Fjeldstad; Rikard Toft Ledang; Tora Haslum Myklebust; jostein.eitrheim; Karina Nerland; trond.ueland
Emne: Kompetanseforum Vestland Innspel til handlingsprogram - kompetanseutvikling i arbeidslivet

Hei alle saman!

Og vel overstått sommar til dei eg ikkje har snakka med.

16. juni vedtok fylkestinget den nye regionale planen: «Berekraftig verdiskaping - regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021 – 2033» Planen har fire satsingar og kompetanseutvikling i arbeidslivet er ei av disse. No er arbeidet i gang med å utarbeide handlingsprogram for planen. Det skal utarbeidast eit fireåring handlingsprogram samt årsplanar for kvart år.

Kompetanseforum Vestland har fått i oppdrag å vere styringsgruppe for den delen av handlingsprogrammet som omhandlar kompetanseutvikling i arbeidslivet. Til dette arbeidet ønsker vi innspel frå dei regionale kompetanseforuma. Kva konkrete tiltak meiner de bør inn i handlingsprogrammet?

Innretninga av dette temaet i planen byggjer i stor grad på innspel som kom i høyringsrunden.

Vi ønsker innspel på aktuelle tiltak under kvart av delmåla. Vi vil også gjerne ha innspel på kva tiltak de meiner hastar mest og som bør prioriterast i 2022.

Ber om at de sender dykkar innspel til underteikna innan 1. oktober.

Dette inneber at om det er mogleg må de ha eit møte i forumet i september, eventuelt jobbe med innspelet på annan måte.

Ta gjerne kontakt om det er noko de vil diskutere nærmare.

Førebels tidsplan:

17. september: Møte i Kompetanseforum Vestland

1. oktober: Frist for innspel frå dei regionale kompetanseforuma

15. oktober: Stormøte i regi av Kompetanseforum Vestland - her blir det og høve til å komme med innspel

27. oktober: Handlingsprogrammet ferdigstillast

17. november: Politisk handsaming i hovudutval for næring

15. desember: Politisk handsaming i fylkestinget

Om planen:

I planen er det overordna målet i denne satsinga «Fleire arbeidstakarar med rett kompetanse». Delmåla er knytt til følgjande tre tema (med stikkord frå plandokumentet under kvart delmål):

- Rett kompetanse for framtida
 - Utdanningstilbod retta inn mot grøn næringsutvikling
 - Tverrgåande tema som t.d berekraft, digitalisering og relasjonskompetanse integrert i alle utdanningsløp
 - Arbeidslivsrelevans i alle utdanningar må styrkast
 - Spisse kompetansen til dei som allereie er i arbeid gjennom EVU
 - Tiltrekke seg høgkvalifisert arbeidskraft nasjonalt og internasjonalt
 - Auka endringstakt krev god karrierettleiing

- Sikre tilgang på arbeidskraft
 - Kartlegge kompetansebehov og kople mot tilbodsstruktur
 - Utdanningsinstitusjonane må i større grad dimensjonere tilboda i trå med arbeidslivets behov for arbeidskraft.
 - Halde på nyutdanna kandidatar i fylket gjennom auka bruk av praksis, trainee osv

- Etablere utdanningshubar i distrikta
 - Nytte all tilgjengeleg arbeidskraft gjennom å gjere dei som står utanfor arbeidsmarkanden relevante for framtidens arbeidsliv
 - Jobbe systematisk for å rekruttere nye arbeidstakarar til fylket inkludert legge til rette for fleire arbeidstakarar frå utlandet
-
- Samarbeid om regional kompetanseutvikling
 - Vidareutvikle og forsterke eksisterande samarbeid

Lenke til plandokumentet:

<https://innsyn.vlfk.no/Innsyn/RegistryEntry/ShowDocument?registryEntryId=438762&documentId=795098>

Kapittelet om kompetanseutvikling i arbeidslivet: side 20-21

Med helsing

Kristin Iversen
seniorrådgjevar

Seksjon for Forsking, kompetanse og internasjonalisering
Avdeling for innovasjon og næringsutvikling



Tlf: 986 46 596

www.vestlandfylke.no



Vestland fylkeskommune

Regional transportplan (RTP) for Vestland 2022-2033 - innspel frå Sogn regionråd

Rådet viser til to uttalar undervegs i prosessen; 26. februar og 26. april 2021. Her kjem rådet sine innspel til sjølve planen slik den no er lagt ut.

Vi gjer merksam på at dette er ei samrøystes prioritering frå kommunane i Sogn. I tillegg kjem kvar av kommunane med sine meir detaljerte innspel direkte til fylkeskommunen.

Føreseieleg prosess og kontinuitet i planlegginga?

Dette er fyrste RTP etter at dei to fylka vart slegne saman. Det er difor overraskande at planen - for Sogn sin del - i så liten grad tek med seg føringar frå den førre regionale transportplanen, slik den vart vedteke av fylkestinget i Sogn og Fjordane i 2017.

Vi ser at både prosess, oppbygging og involvering er noko annleis. Løysinga med strategiar på sentrale planområde og utviklingstiltak i ein eigen handlingsplan er god. Likeins målsettinga om «meir veg for pengane», med porteføljestyling. På sikt vil det nok gje ein betre plan.

Men det haltar noko no i starten. Eit døme er at vi med ein handlingsplan utan eit konkret investeringsprogram denne gongen ikkje får ein heilskapleg plan.

Vi meiner samstundes at det hadde vore naturleg å starte planarbeidet for nye Vestland med utgangspunkt i dei to tidlegare fylka sine planverk. Dette vil nok kome meir tydeleg fram når vi kjem til sjølve investeringsprogrammet og dei konkrete tiltaka der. Eit døme er skredsikring av fv. 5600 Vik – Arnafjorden som var høgast på marginallista i førre plan, men som no – med endra modellar og kriterium – kan vere på veg til å falle heilt ut.

Det er òg skuffande at vi i planen - slik den no ligg føre - nesten ikkje finn att dei innspela vi har kome med undervegs i planarbeidet. Dette kjem vi nærare inn på i våre svar på høyringsspørsmåla.

Vi vil likevel her i innleiinga trekke fram nokre av desse poenga henta frå våre to tidlegare innspel:

«Rassikring

- *Modellen for skredfaktor som Statens vegvesen utarbeider må leggjast til grunn for fylkeskommunen sine prioriteringar. Fylkeskommunen bør ikkje ta inn andre kriteria eller vekta annleis enn det som ligg i skredfaktormodellen.*
- *Prioriteringslista over skredsikringstiltak frå dei to fylka må vidareførast inn i den nye regionale transportplanen.*
- *Fylkeskommunen bør setja av ein pott til mindre rassikringstiltak i påvente av større investeringar.*
- *Fylkeskommunen bør ta i bruk varsla skredutløysing på fleire rasutsette strekningar*

Fylkesveg

- Fylkeskommunen bør retta fokus på sikker framkome, mellom anna gjennom utbetring av bruer og flaskehalsar.
-
- I påvente av større opprustingsprosjekt bør ressursinnsatsen aukast for nokre utsette punkt. Mindre investeringar vil kunne gje store effektar for framkome og trafikktryggleik.
-

Mobilitet og kollektivtransport

- Kollektivtransport må bli reelle alternativ til bil også i distrikta slik at vi kan få fleire reisande over på kollektivtilbodet. Skreddarsydd tilbod gjennom bruk av ny teknologi vil gje gode løysingar for blant anna ungdommar.
- Sogn har stort tal turistar samanlikna med talet på fastbuande. Transport- og infrastrukturtiltak må leggje til rette for å styrking av heilårsreiseliv. Her vil vi spesielt peike på båten Sogn-Bergen som avgjerande for at reiselivsprodukta i regionen vår kan utviklast vidare.
-
- Efly- teknologien er ei spennande utvikling og Sogndal lufthamn Haukåsen er mogleg testpilot for elfly.»

Sogn har særeigne utfordringar

For Sogn sin del er dessutan dei store utfordringane slik dei er omtalt i våre to innspel:

«Sogn har særeigne utfordringar innan samferdsle. Vi har mange og lange tunnelar. Vegane er av dei mest rasutsette i landet. Dei mange fjellovergane ut og inn av regionen er krevjande, særleg på vinterstid. I tillegg gjer Sognefjorden oss ofte avhengig av båt og ferje. Dette gjer oss sårbare. Ved skred og dårleg vær. Ved ulukker, tunnelbrannar, havari og tekniske problem. Men òg ved større vedlikehaldsprosjekt. Og ofte har vi ikkje omkøyringsalternativ. Eller dei er få og tek urimeleg lang tid.»

Tek planen inn over seg dei store utfordringane i fylket i tilstrekkeleg grad?

Den største utfordringa i det nye fylket er sentrum – periferi. Samferdsle er kanskje det viktigaste verkemiddelet for å jamne ut denne motsetnaden og sikre ei positiv utvikling i næringsliv og busetting også i distrikta.

Utfordringane er heilt ulike for område i fylket med vegar med under 50 ÅTD - som vi har mange av i Sogn - til dei mest trafikkerte strekningane i Bergen med 25 000 ÅTD. I planen har samferdsla i og rundt Bergen fått stor plass og rikeleg med gode mål og strategiar.

Utfordringane og problema i distrikta i mindre grad omhandla. Døme er:

- Ras og skred er nesten ikkje omtalt, og då mest som eit statleg ansvar. Og det på trass av at fylkeskommunen mottok midlar til rassikring av fylkesveggar gjennom inntektssystemet.
- Vintervedlikehald av fylkeskommunal fjellovergane og omkøyringsalternativ ved stengt veg, tunnelvedlikehald mm. får heller ikkje særleg merksemd.
- Ferje/hurtigbåt har sentrale samanbindingsfunksjonar mellom kommunane i Sogn og inn/ut av området og eit viktig kollektivtilbod. Det har heller ikkje fått særleg plass i planen. Fleire av flyplassane er dessutan godt egna som testpilot for elfly.

Rådet står elles det arbeidet fylkeskommunen og Nasjonal rassikringsgruppe gjer for å auke løyvinga til fylkeskommunen innan rassikring.

Er målsettingane riktige med tanke på dei utfordringane vi har i fylket? Er det god samanheng mellom mål og strategiar?

Når utfordringane for Sogn ikkje kjem godt fram eller i liten grad er tekne omsyn til får det sjølvstøtt og følgjer for målsettingane og strategiane.

Kvifor kjem ikkje investeringsprogrammet no?

I tillegg hadde rådet venta at det vart laga eit investeringsprogram no. Det er ikkje tilfredsstillande at det ikkje kjem på plass før tidlegast våren neste år. Utfordringar, mål og strategiar er viktig, men det er fyrst når investeringsprogrammet ligg føre at det er mogeleg å sjå dei konkrete følgjande og verknadane av både prosessen og kriteriebruken.

Det er dessutan vanskeleg å forstå kvifor det alt no er lagt så mykje arbeid i prioriteringskriteria og kostnadsoverslag utan å slutføre dette arbeidet i eit investeringsprogram med konkret porteføljeevnsyn.

Rådet har i sine to innspel gjort greie for dei konkrete tiltaka og prioriteringane for Sogn i eit framtidig investeringsprogram. Desse står ved lag.

Kvifor prioritere på rv. 13 før Nye Veier AS har starta sitt arbeid?

Samstundes inneheld planen klår porteføljeprioritering av Nye Veier AS sitt arbeid med riksveg 13. Rådet vil her minne om vårt innspel av 26. april i år:

«Sogn regionråd er i dialog med Hardangerrådet for å drøfta ein samordna, felles utbyggingsstrategi. Vi føreset at fylkeskommunen støt opp under eit slikt samarbeid.»

At det heilt på tampen av planarbeidet no er kome inn ynskje om prioritering av to strekningar i Hardanger på rv. 13, utan nokon form for prosess og dialog, er sjølvstøtt uakseptabelt. Dette vert understreka av at Nye Veier AS knapt hadde fått oppdraget med rv. 13 og ennå ikkje starta sitt planarbeid for strekninga då den konkrete prioriteringa kom inn i planutkastet til Vestland! Dette er heilt uforståeleg.

«Meir veg for pengane»

Sogn regionråd støttar arbeidet med forenkla løysingar og ein kritisk gjennomgang av kva som er god nok vegstandard for fylkesvegane, jf. «meir veg for pengane».

Er dei riktige kriteria for prioritering lagt til grunn? Kva kriterium bør eventuelt endrast?

Sogn regionråd sin hovudprioritering er utbetring av fylkesveg 55 Vadheim-grense Innlandet. Den er sentral for næringsliv og busetting i Sogn. Vegen er dessutan ikkje dimensjonert for å ta ekstra trafikk når riksvegane er stengde og det er behov for omkøyringsalternativ. Stengde vegar har store konsekvensar for bygdesamfunn som ofte er utan reelle omkøyrings-moglegheiter.

Rådet er difor tilfreds med at fylkesveg 55 er med blant dei strekningsvise utbetringane. Samstundes vil rådet minne om at det vert naudsynt å sjå utbetringane på fv. 55 i samanheng med planane til Nye Veier AS, særleg på strekninga Hella - Sogndal.

Kvifor er kriteria endra?

Fleire av kriteria er justert frå tidlegare plan. Gjennomgåande er det slik at endringane favoriserer sentrum og at distrikta kjem dårlegare ut. Nedafor er nokre av dei kommenterte.

Skredsikring

Delvis utbetra og vinterstengte vegar er ikkje lengre med i prioriteringsoversynet. Det får følgjer m.a. for både Sognefjellet, Gaularfjellet og fv. 5442 Stordalen - Matre.

Når ikkje SVV sin skredsikringsmodell lengre vert fullt ut styrande for prioriteringane kan trafikkmengd og skredfare få høgare vekt. I tillegg er det seint i prosessen kome inn eit nytt skjønselement for mjuke trafikantar i modellarbeidet og prioriteringa. Fleir av desse endringane vil no kunne gje skifte frå distrikt til sentrum når investeringsprogrammet vert klart.

Samstundes har Stortinget i samband med NTP'en vedteke at det skal lagast ein nasjonal gjennomføringsplan for skredsikring av alle riks- og fylkesvegar med høg eller middels skredfaktor. Rådet vil åtvare mot å gå inn på eit avvik frå SVV sin modell, med favorisering av høg ÅTD og mjuke trafikantar. I nasjonal samanheng vil Vestland sannsynlegvis tape på ei slik kriterieendring, om den vert ført vidare inn i det nasjonale planarbeidet. Rådet vil minne om at Vestland i dag har ein stor del av den nasjonale skredsikringspotten og sær mange skredpunkt med høg eller middels skredfaktor.

Rådet vil dessutan åtvare mot å utsetje eller trappe ned skredsikringsarbeidet på grunn av at det no kjem ei nasjonal plan, som òg vil omfatte fylkesvegar. Det gjer det m.a. naudsynt å avklare om den regionale planen vert styrande eller ikkje.

Tunneloppgradering

Rådet stør framlegget i planen om å kombinere A + B ved tunneloppgradering, dvs. gjennomføre både tiltak som er naudsynt pga. tunnelføresegna (A) og tiltak som er fornuftige når arbeidet fyrst er i gang (B).

Kriteriekravet om minst 300 ÅTD får store følgjer for Sogn. T.d. fell tunnelane på fv. 50 Aurland – Hol ut. Rådet vil difor be om at fylkesvegen vert tekne med blant dei strekningsvise utbetringane.

Er det andre utviklingstiltak som bør inn i handlingsprogrammet til RTP?

Ei naturleg følgje av satsinga på fylkesveg 55 er ei konseptutgreiing (KVU) for Sognefjellstunnelane. Det er til no sett på som eit statleg ansvar. I samband med NTP 2014 – 2023 var departementet innstilt på å lage ei KVU. Dette vart aldri gjennomført. No ligg alle mogelege innslagspunkt på fylkesvegar og det gjer det naturleg å ta det inn i planen som eit fylkeskommunalt ansvar.

Omkøyringsvegar ved vegvedlikehald og liknande er òg ei stor utfordring for næringslivet, både internt i regionen og mellom aust og vest jf. t.d. nattetstenging av Lærdalstunnelen. Det blir viktig å ha ei god oversikt over omkøyringsalternativ og dessutan fjerne flaskehalsar før vedlikehaldet startar.

Med helsing

Hilmar Høl
leiar i Sogn regionråd

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift



Arbeidsrelevant utdanning

DIKU-søknad i samarbeid mellom HVL, kommunar og næringsliv i Sogn?



Kva er DIKU?

- 84 millioner kroner til prosjekt som fører til auka arbeidsrelevans i utdanningane, styrkar studentens læring og møter arbeidslivets behov.
- Søknadsfrist 24. september
- Inntil 5 mill. kroner til 3-årig prosjekt, 30% eigenfinansiering. Hovuddelen av eigenfinansieringa ligg hjå HVL.
- Målet er å etablere varige løysingar etter 3-årig pilotprosjekt



Innhald i prosjektet

Aktivitet 1: Tverrfagleg kurs om arbeidsrelevante problemstillingar

- Kurs i innovasjon gjennom tverrfagleg samarbeid og brukarinnvolvering
- Problemstillingane skal komme frå kommunar og lokalt næringsliv
 - Skal fremje nytenking og innovasjon i arbeidslivet, til dømes knytt til arbeidsmiljø, miljø, rekruttering eller meir fagspesifikke tema.
- Deltakararane løyser problemstillingane i team. Teamene er sett saman av folk med ulik fagbakgrunn:
 - Studentar frå fleire fagretningar (t.d. natur og miljø, idrett og friluftsliv, lærar og barnehagelærar, helse- og sosial, økonomi og administrasjon + +)
 - Forskarar frå dei same fagmiljøa
 - Vidareutdanning for tilsette i kommunar og lokalt næringsliv?
- HVL kan trekkje på kompetanse frå fleire campus, men prosjektet er eigd av miljøet i Sogndal og primært retta mot studietilboda der.



Innhold i prosjektet

Aktivitet 2: Prosjektbank for forskings-, master- og bacheloroppgåver

- Skal gjere det lettare for arbeidslivet å spele inn problemstillingar til HVL
- Skal gjere det enklare for koble arbeidslivet å få kontakt med relevante forskarar og studentar
- HVL kan bruke kompetanse frå fleire campus i tilfella der Campus Sogndal ikkje har relevant fagmiljø

Aktivitet 3: Byggje kompetansemiljø innan tverrfagleg arbeidsmetode

- Styrke kompetansemiljøet ved HVL på metodar for å jobbe tverrfagleg med problemstillingar i arbeidslivet
- Styrke kompetansen i arbeidslivet i Sogn knytt til tverrfagleg innovasjonsarbeid
- Breie grunnen for moglege phd'ar, næringsphd'ar og offentlege phd'ar
- Teste ut nye samarbeidsformer og kompetansetiltak, som hospitering, arbeidsverkstader, praksisplassar etc.



Kva kan kommunar og næringsliv få ut av prosjektet?

- Eit styrka samarbeid med HVL om arbeidsrelevant utdanning
- Problemløysing på samansette utfordringar som kommunar og lokalt næringsliv står i
- Bli utfordra på innovasjon og nytenking av unge hovud og sterke fagmiljø
- Moglegheit for å evaluere tiltak/prosjekt vha forskarar ved HVL
- Potensiell rekrutteringsbase mellom studentar og arbeidsliv
- Auke eigen kompetanse på innovasjon/utvikling gjennom tverrfagleg arbeid
- Springbrett for nye arbeidsrelevante samarbeid?



Kva er forventa av kommunar og næringsliv inn i prosjektet?

- Peike ut ei ressursgruppe med representantar frå næringsliv og kommunar – forventa arbeidsmengd er 2-3 møter i året, fysisk el. digitalt.
- Ressursgruppene skal 1) sikre arbeidsrelevans i HVL sitt arbeid, 2) byggje bro mellom HVL og arbeidsliv og 3) mobilisere i eigne rekker for å få fram gode problemstillingar
- Næringsrepresentantar i ressursgruppa får dekkja arbeidstid og reisekostnad.
- Bedrifter/kommunar som ønskjer å få løyst utfordringar i prosjektet må forvente å stille med eigeninnsats i problemløysingsfasen
- Mogeleg å vidareutdanne eigne tilsette i tverrfagleg arbeidsmetodar
- Ingen krav til finansiering utover eventuell kursavgift for tilsette
- Me kan skrive inn ein beskjeden eigeninnsats for partnerskapen i sin heilskap, som vert tilpassa den enkelte partner utifrå kor tungt dei vel å engasjere seg. Fleksibel løysing med andre ord. Men dette er ikkje eit krav dersom det gjer deltaking vanskelegare for dykk. Gi tilbakemelding dersom de ikkje ønskjer dette.

Kontaktinfo

- Hovudansvar Sogndal kommune (partnarrepresentant): Torkjel Solbraa, torkjel.kristiansen.solbraa@sogndal.kommune.no, 95935241
- Hovudansvar HVL (hovudsøkjar): Ellen Blom, ellen.blom@hvl.no, 91125943